


Positive signal om Halsabrotet-planen

06.12.2010



Utsikt mot vest frå det nye bustadområdet - illustrasjon i planforslaget

Onsdag skal forvaltningskomiteen behandle det private forslaget frå Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen om bustadfeltet i Halsabrotet.

Rådmannen gir positive signal om planen, som vil bety byggjing av 16 einebustader og 18 husvere i tomannsbustader.

Feltet er rimeleg einsarta beiteland som skrånar mot vest, som planleggjar Harald Bjørndal uttrykkjar det. Administrasjonen kjem med forslag om utleggjiring til offentlig ettersyn.

I kommunedelplanen for Rosendalområdet som vart godkjend i 2003 er arealet vist som område for framtidige bustader. Difor er reguleringsforslaget i tråd med arealutnyttinga i denne planen.

Administrasjonen viser mellom anna til at allmenta har tilgang til området og mogeleg heit til å nyttja turveger til å komma seg inn i tilgrensande landbruks- og utmarksområder.

Det har kome 8 innspel til planoppstart som var i mars i år. Planen tek i stor grad omsyn til innspela frå berørte partar og instansar og det faste utvalg for plansaker.

Administrasjonen har vurdert området til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing eller planprogram, skriv saksbehandlar Ingo Bewer i administrasjonen.

I tilråinga si skriv han at planforslaget med hovudføremål bustadbyggjing er av stor interesse for kommunen sitt syn på utvikling i tråd med kommunedelplanen og difor bør forslaget leggjast ut til offentlig ettersyn.

Kommunen vil nyttja høvet til å revidera det i høve til nye merknadar etter utleggjiringa.

Av Ola Matti Mathisen



Slik er planforslaget i Halsabrotet.